



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 16.06.2022
Møtestad: Kommunestyresalen Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Marwan Al Waka	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Ole K Øvre Helland
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr Tittel

- 022/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 023/2022 Godkjenning av møteprotokoll
- 025/2022 Orienteringssaker
- 024/2022 Referatsaker
- 026/2022 Løyving til rassikring bak Bryggjeslottet - fase 3
- 027/2022 Reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99.
- 028/2022 Økonomirapportering pr 1. tertial 2022
- 029/2022 Årsmelding og årsrekneskap 2021
- 030/2022 Møteplan haust 2022

Notat frå møtet:

022/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

023/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

025/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om:

- Høyringsbrev frå NVE; utsett byggefrist til Modalen kraftlag.
- Søknad frå Eveny fornybar; løyve til å stenge laksetrappa til ein har gjort utbetringar, jf. tilrådingar i rapportar knytt til dette.
- Førespurnad frå IMDI om busetnad av flyktningar; kommunen er beden om å busette 2 flyktningar frå Ukraina.

Ordførar Kjetil Eikefet orienterte om:

- Klimaplan; dialog med ordførar i Voss herad om utarbeida klimaplan
- Modalsdagane; arrangement

Sigrun Almelid Birkeland orienterte om:

- Val av ny leiar for kontrollutvalet; førebuing av sak til første møtet etter sommaren.

Håvard Engeseth orienterte om:

- NGIR; høyringsbrev om endring av organisering av interkommunalt selskap og etablering av datterselskap.
Kommunestyret delegerer å svare på høyringsbrevet til formannskapet, slik at ein får svart innan fristen.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering.

Kommunestyret vedtek å delegere å svare på høyringsbrev om ny selskapsstruktur i NGIR til formannskapet, for å rekke høyringsfristen.

024/2022: Referatsaker

Behandling:

Førespurnad om orientering til kommunestyret om ny avtale for Interkommunal legevakt i Knarvik. Administrasjonen føl opp forespurnaden med Alver kommune med sikte på ei orientering i kommunestyret i løpet av hausten 2022.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

026/2022: Løyving til rassikring bak Bryggjeslottet - fase 3

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om arbeidet med rassikring bak Bryggjeslottet, og nærare om fase 3 om oppsettig av fanggjerde.
KLP forsikring har dekket ein del av skadane, men sjølve rassikringa av fjellet må dekkast av kommunen.

Spørsmål kring rassikring ved fotballbanen; ikkje same krav her grunna avstand og naturforhold.
Fjellet er renska i etterkant av ras om gjekk her, og fotballbanen er til vanleg open.

Spørsmål kring bruk av amfiet; det vert undersøkt fortløpade om moglegheiter for å reparere amfiet.

Spørsmål kring rassikring ved den offentlege badeplassen på Øvre Helland; bekymring kring om plassen er utrygg slik den er no og om den bør midlertidig stengast.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 4,0 millionar inkl mva til fase 3 av rassikring bak Bryggjeslottet.

Tiltaket vert finansiert slik:

Mva-kompensasjon kr 780 000
Bruk av næringsfondet kr 720 000

Bruk av generelt disposisjonsfond kr 2,5 millionar

027/2022: Reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99.

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte nærare om forslag til reguleringsendring og bakgrunn for tilrådinga om å engasjere konsulent.

Sigrun Almeliid Birkeland: Innspel om at det vert gjort ein skriftleg avtale med Mo Soknelag/kyrkjelydskontoret, mht. bruksrett på kommunehuset og forventingsavklaringar knytt til tomta ved kyrkja.

Spørsmål kring oppdrag til konsulent.

Drøfting kring tidlegare ønskje for tomta, og tilbakemelding frå naboar.

Ordførar har vore i kontakt med grunneigar i høve vilkåret om å bruke tomten til kyrkjelydshus.

Grunneigar aksepterer at kommunen no vil bruke denne tomten til bustadbygging, då Mo sokn har fått nye lokale i Flodmaal som tilsvarer kyrkjelydshus.

Ordførar tok alternativt forslag til vedtak opp til votering.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd kr 250 000 til å engasjere konsulent for å bistå Modalen kommune i arbeidet med å gjennomføra reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99.

I forkant av reguleringsendringa, ber kommunestyret rådmannen inngå skriftleg avtale med Mo Sokn om vederlagsfri bruk av soknet sine noverande lokale og fellesområde i Flodmaal. Ordninga er ikkje tidsavgrensa.

028/2022: Økonomirapportering pr 1. tertial 2022

Behandling:

Økonomsjef Magne Verpelstad orienterte nærare om tertialrapport og framlegg til budsjettjusteringar:

- Status budsjettområda
- Investeringar
- Prognose for utvikling av ubundne fondsmidlar
- Sjukefråvær for 1. kvartal 2022; 11,5 %
- Finans; status likviditet og lånegjeld.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Økonomirapporten pr 1. tertial vert teken til orientering.

Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2022:

Nettoløyving for Rådmannen/sentraladministrasjon vert redusert med kr 2 millionar frå kr 13 334 003 til kr 11 334 003. Rådmannen omfordeler midlar innanfor justert løyving slik at det er midlar til kantinedrifta for 2022.

Nettoløyving for Kultur vert auka med kr 350 000 frå kr 1 942 754 til kr 2 292 754.

Nettoløyving for Kommunelegen vert auka med kr 300 000 frå kr 6 577 350 til kr 6 877 350.

Inntektsbudsjett for skatt og rammetilskot vert auka med kr 800 000 frå 52,0 millionar til kr 52,8 millionar.

Renteutgift vert auka med kr 400 000 frå kr 979 900 til kr 1 379 900.

Renteinntekt vert auka med kr 50 000 frå kr 300 000 til kr 350 000.

Avdragsutgift vert auka med kr 150 000 frå kr 2 100 000 til kr 2 250 000.

Netto avsetjing til disposisjonsfond vert auka med kr 1,65millionar frå kr 3 972 262 til kr 5 622 262.

Det vert gjort slike endringar i investeringsbudsjettet for 2022:

Rassikring ved Bryggjeslottet:

Sjå eiga sak knytt til rassikring ved Bryggjeslottet med framlegg til løyving og finansiering.

Uterområde Mo skule:

Unyttta løyving kr 500 000 frå 2021 vert overført til budsjett 2022. Finansiering: Bruk av disposisjonsfond.

Ras Nottveit:

Løyving kr 200 000 til uføresette investeringar vert overført til finansiering av utgiftene til Ras på Nottveit

Korreksjon av oppsett knytt til finansiering av investeringsutgifter frå disposisjonsfond:

I hovudoversyna knytt til budsjettvedtak for 2022 er det feil i oppsetta når det gjeld fondsbruk til å finansiere investeringsutgifter. I Løyvingsoversyn - investering er bruk av disposisjonsfond er lagt på linja «Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond». I tråd med nye budsjett- og rekneskapsreglar skal bruk av disposisjonsfond til å finansiere investeringsutgifter inntektsførast i driftsbudsjettet og -rekneskapen og såleis førast i Løyvingsoversyn – drift og Økonomisk oversyn drift på linja «Netto avs til eller bruk av disposisjonsfond». Beløpet skal så overførast til investering på linja «Overføring til investering» I Løyvingsoversyn – investering skal beløpet inntektsførast på linja «Overføring frå drift».

Vedteke budsjettet bruk av disposisjonsfond for 2022, kr 2 820 000, vert korrigerd i hovudoversyna i tråd med avsnittet over.

029/2022: Årsmelding og årsrekneskap 2021

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte nærare om årsmelding og årsrekneskapen for 2021:

- Resultat 2021; Korrigerd netto driftsresultat kr 8,9 mill.
- Årsaker til resultatet; konsesjonskraftsa, Næring/N-fond og skatt/rammetilskot utgjer store deler av resultatet.
- Oversikt budsjettområda og årsak til avvik.
- Tilskot/kompensasjon knytt til korona; ein ser at totalt har kommunen ikkje fått kompensasjon for alle kostnader knytt til handtering av pandemien.
- Sentrale inntektspostar.
- Spesille hendingar/omsyn med driftsmessige og økonomiske innverknader.
- Oversikt investeringsrekneskapen; historisk høgt i 2021 grunna nytt nærings- og tenestesenter.
- Oversikt over ubundne fondsmidlar 2017 - 2021.
- Oversikt lånegjeld i % av driftsinntekt 2017 - 2021.
- Lånegjeld og likviditet.

- Forbetringar til oppfølging; gjennomgang av annleggsregister, gjennomgang av eldre bundne fond , avsetjing av framtidige forpliktingar, løpande ajourhald av rekneskap og avstemming, jamnlege/rutinmessig innkrevjing og oppfølging av krav. Desse vert følgt opp av administrasjonen fortløpande og orientert om til kontrollutvalet.

Innspel til årsmeldinga frå kommunestyret:

- Innspel til begrepsbruk for dagtilbod.
- Innspel til å ha eit kapittel med samla informasjon om kraftinntekter.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2021 vert godkjent slik dei ligg føre.

Udekka beløp i investeringsrekneskapen for 2021, kr 301 132,90, vert dekket med løyving frå disposisjonsfondet i 2022 på kr 301 132,90.

030/2022: Møteplan haust 2022

Behandling:

Endring som vart drøfta og samrøystes einigheit om: Formannskapsmøtet 13. september vert endra til torsdag 1. september.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan haust 2022, med denne endringa:
Formannskapsmøtet 13. sept vert flytta til 1. september.**
